



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 32

(2001-2002)

---

## Om lov om endring i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven)

(samtykke til godkjenning av, og gjennomføring i sjøloven av, endringer i den internasjonale konvensjon 27. november 1992 om skadebotansvar for oljesølskade og den internasjonale konvensjon 27. november 1992 om oppretting av eit internasjonalt fond for skadebot for oljesølskade - auka ansvar for skade ved oljesøl frå oljetankskip)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 21. desember  
2001,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

## 1 Innleiing

Noreg er tilslutta den internasjonale konvensjon 27. november 1992 om skadebotansvar for oljesølskade («1992-ansvarskonvensjonen») og den internasjonale konvensjon 27. november 1992 om oppretting av eit internasjonalt fond for skadebot for oljesølskade («1992-fondskonvensjonen»). Konvensjonane gjeld berre skip som transporterer olje som bulklast (oljetankskip). Reglane er gjennomførde i norsk rett i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven) kapittel 10. Konvensjonane kom til i 1969 og 1971, og dei vart endra ved to protokollar i 1992.

Justisdepartementet ber i proposisjonen her om Stortingets samtykke til godkjenning av to resolusjonar av 18. oktober 2000 frå IMOs (International Maritime Organization) juridiske komité, som gjer endringar i 1992-ansvarskonvensjonen og 1992-fondskonvensjonen. Endringane går ut på at avgrensingsbeløpa for skadebotansvaret for oljesølskader vert auka med 50,37 %. Auken gjeld både ansvaret til eigaren av skipet og ansvaret til Det internasjonale erstatningsfond.

I proposisjonen her gjer Justisdepartementet samstundes framlegg om endringar i reglane om ansvaret til eigaren av skipet i § 194 i sjøloven, til gjennomføring av endringane i 1992-ansvarskonvensjonen. 1992-fondskonvensjonen gjeld direkte som norsk rett, jf. sjøloven § 201. Avgrensingsbeløpa i 1992-fondskonvensjonen er difor ikkje særskilt gjennomførde i sjøloven. Auken av beløpa i 1992-fondskonvensjonen skjer automatisk i norsk rett når endringa vert bindande for Noreg, utan at det er påkravd med endringar i sjøloven.

## **2 Det internasjonale systemet for ansvar og skadebot ved oljesølskade og behovet for å auke avgrensingsbeløpa**

1992-ansvarskonvensjonen pålegg med einiskilde unntak eigarane av oljetankskip objektivt ansvar for oljesølskade, og pålegg eigarane å ha ansvarsforsikring. Ansvaret til eigaren er avgrensa oppover til eit maksimumsbeløp for kvar hending (avgrensingsbeløpet). Avgrensingsbeløpet aukar med storleiken på skipet, slik at for skip med tonnasje over 5000 tonn aukar avgrensingsbeløpet med 420 SDR pr. tonn (jf. sjøloven § 194 første ledd andre punktum). Maksimalbeløpet i dag er på 59,7 millioner SDR for dei største skipa, eller rundt 500 millioner kroner, jf. ansvarskonvensjonen artikkel 5 som endra ved protokollen av 1992 artikkel 6 (1) og sjøloven §194 første ledd tredje punktum.

Skadebot opp til dette avgrensingsbeløpet er ikkje alltid nok til å dekke heile tapet. Når skadane er større enn dette, kan dei skadelidne få dekka meir tapet frå Det internasjonale erstatningsfond etter reglane i 1992-fondskonvensjonen. Også her gjeld det ei grense for ansvaret (avgrensingsbeløpet). Samla utbetalingar til dei skadelidne etter ei hending er 135 millioner SDR (rundt 1,3 milliard norske kroner), inkludert det eigaren har betalt, jf. 1992-fondskonvensjonen artikkel 4 som endra ved 1992-protokollen artikkel 6. (Denne grensa vert auka til 200 millionar SDR hvis mengda olje importert i tre konvensjonsstatar vert større enn 600 millionar tonn pr. år.) Det internasjonale erstatningsfond vert finansiert ved ei avgift på import av olje, det vil seie at det vert finansiert av oljeindustrien. Systemet inneber såleis ei deling av ansvaret mellom sjøfartsnæringa og oljenæringa.

I langt dei fleste tilfella av store oljesøl sidan oljesølskonvensjonane vert vedtekne første gongen i 1969, har avgrensingsbeløpa vore store nok til å dekke alle tapa. Av fleire hundre saker på verdsbasis, kan ein telja på ei hand dei sakene der skadebota har vore avkorta. Den 12. desember 1999 gjekk oljetankaren »Erika» på grunn ved kysten av Bretagne i Frankrike og slapp ut 19800 tonn olje. 400 kilometer strandlinje vart forureina, og tapa var sær store, mellom anna fordi turismen er ei viktig næring i området. Ein frykta at tapa ville kome til å verte langt større enn avgrensingsbeløpa for ansvaret. På bakgrunn av denne ulukka, fann medlemsstatane i IMO at tida var inne for å auke avgrensingsbeløpa. (Etter dei opplysningane som no ligg føre, ser det likevel ut til at skadane etter »Erika» vil ligge innanfor dei gjeldande avgrensingsbeløpa.)

I Noreg har det så langt ikkje vore noko tilfelle av oljesøl frå oljetankskip. Vi har berre hatt oljesøl frå andre typar skip, der olja kjem frå drivstofftankane i skipet. Ved eit »vanleg» oljesøl frå ein oljetankar vil dei avgrensingsbeløpa som gjeld i dag, vere meir enn store nok. Men dersom eit uvanleg stort utslipp frå ein oljetankar skulle skje i eit spesielt sårbart område i Noreg, er det viktig at avgrensingsbeløpa er høge nok til å dekke opp jamvel ein slik situasjon. Det er difor viktig også for Noreg at beløpa vert auka.

### 3 Resolusjonane i IMO 18. oktober 2000

#### 3.1 Auken av avgrensingsbeløpa

---

Ved to resolusjonar i Den juridiske komité i IMO 18. oktober 2000 vedtok IMO å auke ansvarsbeløpa i konvensjonane med 50,37 %. Endringane vart vedtekne gjennom den forenkla endringsprosedyra i artikkel 15 i 1992-ansvarskonvensjonen og artikkel 33 i 1992-fondskonvensjonen. Noreg var ein av dei statane som sto bak framlegget om å auke beløpa, og stemte for framlegget.

Resolusjonen 18. oktober 2000 endrar artikkel 6 paragraf 1 i 1992-protokolten til ansvarskonvensjonen, slik:

Beløpet 3 millioner rekneeiningar («units of account») vart endra til 4.510.000 rekneeiningar.

Beløpet 420 regneeiningar vart endra til 631 rekneeiningar.

Beløpet 59,7 millioner rekneeiningar vart endra til 89.770.000 rekneeiningar.

Resolusjonen 18. oktober 2000 endrar artikkel 6 paragraf 3 i 1992-protokolten til fondskonvensjonen, slik:

- Beløpet 135 millioner rekneeiningar i paragraf 4 (a) vart endra til 203.000.000 rekneeiningar.
- Beløpet 135 millioner rekneeiningar i paragraf 4 (b) vart endra til 203.000.000 rekneeiningar.
- Beløpet 200 millioner rekneeiningar i paragraf 4 (c) vart endra til 300.740.000 rekneeiningar.

Avgrensingsbeløpa vert altså auka frå maksimum 59,7 millioner SDR til maksimum 89,77 millionar SDR for ansvaret til eigaren av skipet. Ansvaret for fondet og eigaren samla aukar frå maksimum 135 millionar SDR til maksimum 203 millionar SDR (og frå 200 millionar SDR til 300,740 millionar SDR dersom mengda olje importert i tre konvensjonsstatar vert større enn 600 millionar tonn pr. år). Ansvarsgrensa pr. tonn for skip med tonnasje over 5000 tonn, aukar frå 420 SDR pr. tonn til 631 SDR pr. tonn.

Vedtaka i IMO 18. oktober 2000 er lagt ved proposisjonen som vedlegg 1 og 2, på engelsk i original og i norsk omsetjing.

#### 3.2 Framgangsmåten ved endringane, fristen for å protestere på endringane, når endringane trer i kraft

---

Framgangsmåten ved endring av konvensjonane etter den forenkla prosedyra som vart brukt ved resolusjonane, inneber at medlemsstatane har ein frist for å protestere dersom ein ikkje godtek endringane. Dersom ein stat ikkje protesterer før den fristen, inneber det at staten har akseptert endringa. Dersom minst ein firedel av medlemsstatane protesterer før denne fristen, trer endringa ikkje i kraft. Dersom det ikkje kjem inn så mange protestar, trer endringane i kraft etter 18 måneder. I så fall vert endringane gjeldande for alle medlemsstatene, også dei som eventuelt har sendt inn protest.

Fristen for å protestere er 1. mai 2002. Noreg må difor rette ein skriftleg protest til IMO før denne dagen, dersom Noreg ikkje skulle ynskje å akseptere endringane.

Regjeringa gjer framlegg om at Stortinget vedtek at Noreg *godkjenner* endringane. Eit slikt vedtak krev ikkje nokon underteikning eller annan særskild rettsakt. Som det går fram ovanfor, skjer godkjenning av endringa ved at Noreg ikkje sendar inn protest.

Endringane trer i kraft 1. november 2003, med mindre det skulle kome inn protestar frå minst ein firedel av medlemsstatane. Departementet reknar det ikkje som sannsynleg at det kjem inn mange protestar.

## 4 Høyringa

Nærings- og handelsdepartementet sendte den 31. mai 2001 ut eit høyringsbrev der ein foreslo at Noreg godtek auken av avgrensingsbeløpa. Høyringsbrevet vart sendt til fylgjande adressatar med høyringsfrist 17. september 2001:

- Fiskeridepartementet
- Forsvarsdepartementet
- Justisdepartementet
- Miljøverndepartementet
- Utanriksdepartementet
- Regjeringsadvokaten
- Sjøfartsdirektoratet
- Kystdirektoratet
- Statens forureiningstilsyn
- Sjøfartsdirektoratet
- Nordisk institutt for sjørett
- Miljøstiftelsen Bellona
- Norges Miljøvernforbund
- Norges Naturvernforbund
- Intertanko
- Nordisk Skipsrederforening
- Norges Rederiforbund
- Fraktesfartøyenes Rederiforbund
- Rederienes Landsforening
- Sjøassurandørenes Centralforening
- Assuranceforeningen Gard
- Assuranceforeningen Skuld
- Gjensidige Skibsassuransforeningers komité
- Statoil AS
- AS Norske Shell
- Norsk Hydro ASA
- Esso Norge AS

Det har kome inn svar frå fylgjande instansar:

- Fiskeridepartementet
- Sjøfartsdirektoratet
- Regjeringsadvokaten
- Sjøassurandørenes Centralforening
- Miljøverndepartementet
- Norges Rederiforbund
- AS Norske Shell
- Esso Norge AS

Av desse har fylgjande instansar meddelt at dei ikkje har merknader til framlegget i høyringsbrevet:

- Fiskeridepartementet
- Sjøfartsdirektoratet
- Regjeringsadvokaten

*Sjøassurandørenes Centralforening, Miljøverndepartementet og Norges Rederiforbund* uttalar at dei støttar forslaget.

*Norges Rederiforbund* uttalar:

«Vi deler departementets oppfatning at de foreslåtte økningene [...] er et positivt og nødvendig skritt for å øke erstatningsdekningen ved oljesøl fra tankskip. Det er meget viktig at beløpsgrensene til enhver tid er på et realistisk nivå. Den foreslåtte økningen av beløpene er med på å støtte opp om det internasjonale ansvarsregimet.»

*Miljøverndepartementet* uttalar:

«Selv om Norge hittil har unngått de helt store forurensningskatastrofene, er det flere eksempler andre steder i verden på at skipsulykker kan få svært store miljøkonsekvenser. En tilsvarende ulykke i norske farvann som for eksempel Erikaforliset utenfor Bretagne i Frankrike i 1999, ville medført omfattende skadevirkninger for miljø og næringsliv langs norskekysten. Dessuten vil antagelig planene om økt petroleumsaktivitet i Nordvest-Russland og eventuelle feltutbygginger i Barentshavet øke skipstrafikken, og dermed også risikoen for ulykker, langs norskekysten i årene fremover.»

*Esso Norge AS* uttalar at ein ikkje har nokon innvendingar mot auken av oljefondets smaksimalutbetaling. *AS Norske Shell* uttalar: «Generelt vil vi si at vi ikke er fornøyd med at dette skal øke våre kostnader på dette område.» Elles har det ikkje kome innvendingar mot framlegget i høyringsbrevet.

## **5 Nærmere om lovforslaget**

Regjeringa foreslår at Noreg gjennomfører endringane i 1992-ansvarskonvensjonen ved at sjøloven § 194 første leddet vert endra slik:

- Beløpet 3 millioner SDR vert endra til 4.510.000 SDR.
- Beløpet 420 SDR vert endra til 631 SDR.
- Beløpet 59,7 millioner SDR vert endra til 89.770.000 SDR.

Auken av beløpet i 1992-fondskonvensjonen artikkel 4 paragraf 4 krev ikkje lovendring, av di sjøloven § 201 inkorporerer 1992-fondskonvensjonen med endringar automatisk.

Vedtaka frå IMOs juridiske komité tek til å gjelde frå 1. november 2003, dersom ikkje ein firedel eller fleire av medlemsstatane protesterer mot vedtaka. Departementet gjer difor framlegg om at Kongen skal få heimel til å setje endringane i kraft.



## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Auken av grensa for ansvaret til eigaren kan føre til noko høgare forsikringspremiar for eigarar av oljetankskip. Det er likevel andre faktorar enn ansvarsgrensene som har mest å seie for storleiken på forsikringspremiene. Verknaden på forsikringspremiene av auken av avgrensingsbeløpa vil nok vera liten.

Auken av avgrensingsbeløpa for Det internasjonale erstatningsfond kan føre til at dei avgiftene til fondet som oljeimportørane skal betala, kan auke noko. Denne avgifta vert krevd inn etter at ei ulukke har skjedd, ikkje på førehand. Om auken får slik verknad at avgifta aukar, avheng difor av om det skjer ei ulukke der tapet er større enn dagens avgrensingsbeløp. Det er svært sjeldan at ei så stor ulukke skjer. For dei åra ein slepp slike ulukkar, vil avgifta ikkje auke som ei fylgje av auken av avgrensingsbeløpa. Dersom ein får ei slik ulukke eit år, vil avgifta auke for det året.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven) i samsvar med eit vedlagt forslag.

## **Forslag til lov om endring i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova)**

### I

I lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven) skal § 194 første ledd lyde:

Eierens ansvar etter § 191 er begrenset til *4.510.000* SDR for skip med tonnasje som ikke overstiger 5000 tonn. For skip med tonnasje på mer enn 5000 tonn økes ansvarsgrensen med *631* SDR pr. tonn over 5000 tonn. Ansvarsgrensen kan likevel ikke i noe tilfelle overstige *89.770.000* SDR.

### II

Stortinget samtykker i godkjenning av resolusjonane av IMOs juridiske komité 18. oktober 2000 med vedtak om endringar i protokollen av 1992 som endrar den internasjonale konvensjon om skadebot for oljesølskade, 1969, og med vedtak om endringar i protokollen av 1992 som endrar den internasjonale konvensjon om etablering av et internasjonalt fond for skadebot for oljesølskade, 1971.

### III

Del I tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset. Del II tek til å gjelde straks.

## Vedlegg 1

**Resolution (Adopted by the Legal Committee of the  
International Maritime Organization on 18 October  
2000) Adoption of amendments of the limits of  
compensation in the protocol of 1992 to amend the  
international convention on the establishment of an  
international fund for compensation for oil pollution  
damage, 1971**

THE LEGAL COMMITTEE at its eighty-second session:

RECALLING Article 33(b) of the Convention on the International Maritime Organization (hereinafter referred to as the «IMO Convention») concerning the functions of the Committee,

MINDFUL of Article 36 of the IMO Convention concerning rules governing the procedures to be followed when exercising the functions conferred on it by or under any international convention or instrument,

RECALLING FURTHER article 33 of the Protocol of 1992 to amend the International Convention on the Establishment of an International Fund for Compensation for Oil Pollution Damage, 1971 (hereinafter referred to as the «1992 Fund Protocol») concerning the procedures for amending the limits of the amounts of compensation set out in article 6(3) of the 1992 Fund Protocol,

HAVING CONSIDERED amendments to the limits of the amounts of compensation proposed and circulated in accordance with the provisions of article 33(1) and (2) of the 1992 Fund Protocol,

1. ADOPTS, in accordance with article 33(4) of the 1992 Fund Protocol, amendments to the limits of the amounts of compensation set out in article 6(3) of the 1992 Fund Protocol, as set out in the Annex to this resolution;
2. DETERMINES, in accordance with article 33(7) of the 1992 Fund Protocol, that these amendments shall be deemed to have been accepted on 1 May 2002 unless, prior to that date, not less than one quarter of the States that were Contracting States on the date of the adoption of these amendments (being 18 October 2000) have communicated to the Organization that they do not accept these amendments;
3. FURTHER DETERMINES that, in accordance with article 33(8) of the 1992 Fund Protocol, these amendments, deemed to have been accepted in accordance with paragraph 2 above, shall enter into force on 1 November 2003;
4. REQUESTS the Secretary-General, in accordance with articles 33(7) and 38(2)(vi) of the 1992 Fund Protocol, to transmit certified copies of the present resolution **and the** amendments contained in the Annex thereto to all States which have signed or acceded to the 1992 Fund Protocol; and
5. FURTHER REQUESTS the Secretary-General to transmit copies of the present resolution and its Annex to the Members of the Organization which have not signed or acceded to the 1992 Fund Protocol.

*Annex****Amendments of the limits of compensation in the protocol of 1992 to amend the international convention on the establishment of an international fund for compensation for oil pollution damage, 1971***

Article 6(3) of the 1992 Fund Protocol is amended as follows:

- the reference in paragraph 4(a) to «135 million units of account» shall read «203,000,000 units of account»;
- the reference in paragraph 4(b) to «135 million units of account» shall read «203,000,000 units of account»; and
- the reference in paragraph 4(c) to «200 million units of account» shall read «300,740,000 units of account».

***Resolusjon vedtatt 18 oktober 2000 av den juridiske komité i Den internasjonale skipsfartsorganisasjon (International Maritime Organization) Vedtagelse av endringer i begrensingsbeløpene i protokollen av 1992-om endring av den internasjonale konvensjon om opprettelse av et internasjonalt fond for erstatning av oljesølskade, 1971***

DEN JURIDISKE KOMITE ved sin toogåttiende sesjon

SOM MINNER OM artikkel 33 (b) i Konvensjon om Den internasjonale skipsfartsorganisasjon (heretter referert til som «IMO-konvensjonen») vedrørende komiteens funksjoner,

SOM TAR I BETRAKTNING artikkel 36 i IMO-konvensjonen vedrørende regler som regulerer de prosedyrer som skal følges når den utøver de funksjoner som er tillagt den i internasjonale konvensjoner eller instrumenter,

SOM VIDERE MINNER OM artikkel 33 i protokollen 1992 om endring av Den internasjonale konvensjon om opprettelse av et internasjonalt fond for erstatning av oljesølskade (heretter referert til som «1992-Fondsprotokollen») vedrørende prosedyrene for å endre begrensingsbeløpene i artikkel 6 (3) i 1992-Fondsprotokollen,

SOM HAR VURDERT endringer av begrensingsbeløpene som har vært foreslått og sirkulert i samsvar med bestemmelsene i artikkel 33 (1) og (2) i 1992-Fondsprotokollen,

1. VEDTAR, i samsvar med artikkel 33 (4) i 1992-Fondsprotokollen, slike endringer i beløpsgrensene for kompensasjonen etter artikkel 6 (3) i 1992-Fondsprotokollen som følger av vedlegget til denne resolusjon;
2. BESTEMMER, i samsvar med artikkel 33 (7) i 1992-Fondsprotokollen, at disse endringene skal anses for å være akseptert pr. 1. mai 2002, med mindre minst en fjerdedel av de statene som var kontraherende stater den dato endringene ble vedtatt (18. oktober 2000), før nevnte dato (1. mai 2002) har formidlet til Organisasjonen at man ikke aksepterer endringene;
3. BESTEMMER VIDERE at, i samsvar med artikkel 33 (8) i 1992-Fondsprotokollen, skal disse endringene, hvis de anses å være akseptert i henhold til punkt 2 over, tre i kraft 1. november 2003;
4. ANMODER Generalsekretæren, i samsvar med artiklene 33 (7) og 38 (2)

- (vi) i 1992-Fondsprotokollen, om å formidle sertifiserte kopier av herværende resolusjon samt de endringer som fremgår av det tilhørende vedlegget, til alle stater som har signert eller som er tilsluttet 1992-Fondsprotokollen; og
5. ANMODER VIDERE Generalsekretæren om å formidle kopier av herværende resolusjon og det tilhørende vedlegget til de medlemmer av Organisasjonen som ikke har signert eller som er tilsluttet 1992-Fondsprotokollen.

*Vedlegg****Endringer i begrensningsbeløpene i protokollen av 1992-om endring av den internasjonale konvensjon om opprettelse av et internasjonalt fond for erstatning av oljesølskade, 1971***

Artikkel 6(3) i 1992-Fondsprotokollen endres som følger:

- referansen i paragraf 4 (a) til «135 millioner regneenheter» skal lyde «203.000.000 regneenheter»;
- referansen i paragraf 4 (b) til «135 millioner regneenheter» skal lyde «203.000.000 regneenheter»;
- referansen i paragraf 4 (c) til «200 millioner regneenheter» skal lyde «300.740.000 regneenheter»

## Vedlegg 2

**Resolution (Adopted by the Legal Committee of the  
International Maritime Organization on 18 October  
2000) Adoption of amendments of the limitation  
amounts in the protocol of 1992 to amend the  
international convention on civil liability for oil  
pollution damage, 1969**

THE LEGAL COMMITTEE at its eighty-second session:

RECALLING Article 33(b) of the Convention on the International Maritime Organization (hereinafter referred to as the «IMO Convention») concerning the functions of the Committee,

MINDFUL of Article 36 of the IMO Convention concerning rules governing the procedures to be followed when exercising the functions conferred on it by or under any international convention or instrument,

RECALLING FURTHER article 15 of the Protocol of 1992 to amend the International Convention on Civil Liability for Oil Pollution Damage, 1969 (hereinafter referred to as the «1992 CLC Protocol») concerning the procedures for amending the limitation amounts set out in article 6(1) of the 1992 CLC Protocol,

HAVING CONSIDERED amendments to the limitation amounts proposed and circulated in accordance with the provisions of article 15(1) and (2) of the 1992 CLC Protocol,

1. ADOPTS, in accordance with article 15(4) of the 1992 CLC Protocol, amendments to the limitation amounts set out in article 6(1) of the 1992 CLC Protocol, as set out in the Annex to this resolution;
2. DETERMINES, in accordance with article 15(7) of the 1992 CLC Protocol, that these amendments shall be deemed to have been accepted on 1 May 2002 unless, prior to that date, not less than one quarter of the States that were Contracting States on the date of the adoption of these amendments (being 18 October 2000) have communicated to the Organization that they do not accept these amendments;
3. FURTHER DETERMINES that, in accordance with article 15(8) of the 1992 CLC Protocol, these amendments, deemed to have been accepted in accordance with paragraph 2 above, shall enter into force on 1 November 2003;
4. REQUESTS the Secretary-General, in accordance with articles 15(7) and 17(2)(v) of the 1992 CLC Protocol, to transmit certified copies of the present resolution and the amendments contained in the Annex thereto to all States which have signed or acceded to the 1992 CLC Protocol; and
5. FURTHER REQUESTS the Secretary-General to transmit copies of the present resolution and its Annex to the Members of the Organization which have not signed or acceded to the 1992 CLC Protocol.

*Annex****Amendments of the limitation amounts in the protocol of 1992 to amend the international convention on civil liability for oil pollution damage, 1969***

Article 6(1) of the 1992 CLC Protocol is amended as follows:

- the reference to «3 million units of account» shall read «4,510,000 units of account»;
- the reference to «420 units of account» shall read «631 units of account»;
- and
- the reference to «59.7 million units of account» shall read «89,770,000 units of account».

***Resolusjon vedtatt 18 oktober 2000 av den juridiske komité i Den internasjonale skipsfartsorganisasjon (International Maritime Organization) Vedtagelse av endringer i begrensningsbeløpene i protokollen av 1992-om endring av den internasjonale konvensjon om erstatningsansvar for oljesølskade 1969***

DEN JURIDISKE KOMITE ved sin toogåttiende sesjon

SOM MINNER OM artikkel 33 (b) i Konvensjon om Den internasjonale skipsfartsorganisasjon (heretter referert til som «IMO-konvensjonen») vedrørende komiteens funksjoner,

SOM TAR I BETRAKTNING artikkel 36 i IMO-konvensjonen vedrørende regler som regulerer de prosedyrer som skal følges når den utøver de funksjoner som er tillagt den i internasjonale konvensjoner eller instrumenter,

SOM VIDERE MINNER OM artikkel 15 i protokollen 1992 om endring av den internasjonale konvensjon om erstatningsansvar for oljesølskader (heretter referert til som «1992-CLC protokollen») vedrørende prosedyrene for å endre begrensningsbeløpene i artikkel 6 (1) i 1992-CLC protokollen,

SOM HAR VURDERT endringer av begrensningsbeløpene som har vært foreslått og sirkulert i samsvar med bestemmelsene i artikkel 15 (1) og (2) i 1992-CLC protokollen,

1. VEDTAR, i samsvar med artikkel 15 (4) i 1992-CLC protokollen, slike endringer i begrensningsbeløpene i artikkel 6 (1) i 1992-CLC protokollen som følger av vedlegget til denne resolusjon;
2. BESTEMMER, i samsvar med artikkel 15 (7) i 1992-CLC protokollen, at disse endringene skal anses for å være akseptert pr. 1. mai 2002, med mindre minst en fjerdedel av de statene som var kontraherende stater den dato endringene ble vedtatt (18. oktober 2000), før nevnte dato (1. mai 2002) har formidlet til Organisasjonen at man ikke aksepterer endringene;
3. BESTEMMER VIDERE at, i samsvar med artikkel 15 (8) i 1992-CLC protokollen, skal disse endringene, hvis de anses å være akseptert i henhold til punkt 2 over, tre i kraft 1. november 2003;
4. ANMODER Generalsekretæren, i samsvar med artiklene 15 (7) og 17 (2) (v) i 1992-CLC protokollen, om å formidle sertifiserte kopier av herværende resolusjon samt de endringer som fremgår av det tilhørende vedleg-

- get, til alle stater som har signert eller som er tilsluttet 1992-CLC protokollen; og
5. ANMODER VIDERE Generalsekretæren om å formidle kopier av herværende resolusjon og det tilhørende vedlegget til de medlemmer av Organisasjonen som ikke har signert eller som er tilsluttet 1992-CLC protokollen.

### *Vedlegg*

#### ***Endringer i begrensningebeløpene i protokollen av 1992-om endring av den internasjonale konvensjon om erstatningsansvar for oljesølskade, 1969***

Artikkel 6(1) i 1992-CLC protokollen endres som følger:

- referansen til «3 millioner regneenheter» skal lyde «4.510.000 regneenheter»;
- referansen til «420 regneenheter» skal lyde «631 regneenheter»;
- referansen til «59,7 millioner regneenheter» skal lyde «89.770.000 regneenheter»

---

---